



Sunnfjord  
kommune



# Økonomi i barnehagesektoren

Vedlegg til plan for framtidig bruk av barnehagane i Sunnfjord kommune

# Innhald

Økonomi i barnehagesektoren.....	1
Innleiing.....	4
1 Faktorar som belyser økonomien i barnehagesektoren .....	4
2 Tiltak som kan Sunnfjord kommune ei meir mogeleg effektiv drift i barnehagesektoren .	4
2.1    Forslag til tiltak .....	4
2.1.1    Harmonisering.....	4
2.1.2    Forvalte midlar til styrking av grunnressursen på ein annan måte .....	4
2.1.3    Sikre at det ikkje er overtalligheit i sektoren.....	4
2.1.4    Vurdere ressurs til leiing på nyt .....	5
2.1.5    Legge ned einingar .....	5
2.1.6    Bygge barnehagar med 6 avdelingar i framtida .....	5
2.1.7    Redusere kostnad til ordinær driftstilskot til private barnehagar.....	5
2.1.8    Gjennomsnittsberegne arbeidstid/lage arbeidsplan for tilsette .....	5
2.1.9    Tilsette logoped for barnehagesektoren .....	5
2.1.10    Tilsette spesialpedagog i kommunale barnehagar.....	5
3    Faktorar som påverkar økonomien i barnehagensektoren.....	6
3.1    Driftsutgifter per innbyggjar i Sunnfjord kommune .....	6
3.2    Dekningsgrad i Sunnfjord kommune.....	7
3.3    Tal barn per årsverk i Sunnfjord kommune.....	7
3.3.1    Oversikt over tal barn per årsverk i kommunale og private barnehagar i kommunen .....	7
3.3.1.1    Kommunale barnehagar.....	7
3.3.1.2    Private barnehagar.....	8
3.3.2    Samanlikna med andre kommunar.....	8
3.4    Pedagogtettleiken i kommunale og private barnehagar i kommunen .....	9
3.4.1.1    Kommunale barnehagar.....	9
3.4.1.2    Private barnehagar .....	9
3.5    Kostnad i barnehagesektoren.....	10
3.5.1    Drift av kommunale barnehagar .....	10
3.5.1.1    Teneste 201 kostnad til ordinærdrift .....	10
3.5.2    Tilskot til ordinær drift av private barnehagar.....	15
3.5.2.1    Grunnlaget.....	15
3.5.2.2    Rekneskapstala for tenestene 201 og 221 .....	15
3.5.2.3    Pensjonspåslag på drift.....	15
3.5.2.4    Administasjonspåslag .....	16

3.5.2.5	Kapitaltilskot.....	16
3.5.2.6	Oversikt over samla kostnadar kommunen har til tilskot til ordinær drift i private barnehagar .....	16
3.5.3	Kompensasjon for foreldrebetaling i private barnehagar på grunn av søskenmoderasjon .....	16
3.5.3.1	Søskenmoderasjonsordninga .....	16
3.5.4	Kompensasjon for tap av foreldrebetaling i private barnehagar på grunn av redusert foreldrebetaling og gratis kjernetid.....	17
3.5.4.1	Kompensasjonsordninga .....	17
3.5.5	Styrking av kommunale og private barnehagar.....	18
3.5.5.1	Kostnadar i kommunal sektor 2021 .....	18
3.5.5.2	Oversikt over samla kostndar både til kommunale og private bhg .....	18
3.5.5.3	To modellar for å sjå på korleis midlane kan nyttast på ein annan måte i kommunal sektor	19
4	Innsparingspotensialet til dei ulike tiltaka.....	20
4.1	Tiltak 1 Legge ned Karstad barnehage.....	20
4.2	Tiltak 2 Legge ned Vevring barnehage .....	21
4.3	Potensielle synergiar av tiltak 1 og 2: Tilskot til private barnehagar .....	21
4.4	Tiltak 3 Bygge ny 6-avdelings barnehage i Slåtten skulekrins for å erstatte minimum 2 barnehagar med stort rehabiliteringsbehov .....	21
4.5	Tiltak 4 Etablere oppveksttun .....	22
	Tiltak 5 Bygge ny 6-avdelings barnehage i Førde sentrum – Øyrane for å erstatte barnehagar med .....	22

# Innleiing

Dokumentet er eit vedlegg til plan for framtidig bruk av barnehagar i Sunnfjord kommune. I dokumentet blir det presentert fleire faktorar som spelar inn på økonomien i sektoren. Målet er å gje innsyn i korleis midlane blir forvalta og få god kunnskap til å vurdere kva handlingsrom ein har for å skape ei god og effektiv drift av sektoren til det beste for barna.

Hovudtiltaka barnehagesektoren skal arbeide med i den neste 10 års-perioden blir presentert i planen for framtidig bruk av barnehagane i Sunnfjord kommune.

## 1 Faktorar som belyser økonomien i barnehagesektoren

I dokumentet blir det sett på desse punkta:

- Aktuelle tiltak for å få ei mest mogeleg effektiv drift av barnehagesektoren
- Samanlikning av driftsutgifter
- Samanlikning av dekningsgrad
- Tal barn per årsverk i kommunale og private barnehagar
- Tal barn per årsverk samanlikna med andre kommunar
- Pedagogettleiken i kommunale og private barnehagar
- Kostnadar i barnehagesektoren
  - Drift av kommunale barnehagar
  - Tilskot til private barnehagar
  - Kompensasjonsordningar for private barnehagar
- Styrking av kommunale og private barnehagar

Det er valt ut ein nabokommune, kommunegruppe 9 og eit utval av kommunar i same kommunegruppe som Sunnfjord i talmaterialet som blir trekt fram.

## 2 Tiltak som kan Sunnfjord kommune ei meir mogeleg effektiv drift i barnehagesektoren

Det er fleire tiltak som er mogeleg å gjennomføre for å få ei meir effektiv drift i barnehagesektoren. Tiltaka det skal arbeidast med dei neste 10 åra er skissert under kapittelet barnehagestruktur.

### 2.1 Forslag til tiltak

#### 2.1.1 Harmonisering

- Rammene i budsjettet til barnehagane blir harmonisert

#### 2.1.2 Forvalte midlar til styrking av grunnressursen på ein annan måte

- I større grad ha fokus på tidleg innsats og førebygging
- Bruke nokre av midlane til å styrke grunnbemanning

#### 2.1.3 Sikre at det ikkje er overtallige i sektoren

- Ta i bruk ressursmodell for barnehage som blei utarbeida i kommunesamanslåing
- Sikre at grunnbemanning samsvarar med tal plassar som blir nytta i barnehagen

- Arbeide aktivt for å unngå at det blir overtallige tilsette

#### **2.1.4 Vurdere ressurs til leiing på nytt**

- Sjå på leiingsressursen som er i barnehagesektoren per i dag
- I kommunesamanslåinga blei det bestemt at barnehagar med 4 avdelingar skal ha 1,5 årsverk til leiing
- Har vi rett nivå på leiarnivået
- Kartlegge kva oppgåver leiarnivået har opp mot støtte frå stabane i stabane

#### **2.1.5 Legge ned einingar**

- Vurdere om mindre einingar skal leggast ned
- Dei mest kostbare einingane er dei minste
- Setje ein standard for kor mange barn som kan høre til ein barnehage for at den skal vere open

#### **2.1.6 Bygge barnehagar med 6 avdelingar i framtida**

- Større einingar er kostnadseffektivt
- Gir stordriftsfordelar
- Sikre at organisering i bygningsmassen gir fordeler

#### **2.1.7 Redusere kostnadene til ordinær driftstilskot til private barnehagar**

- Lovverket regulerer kor mykje tilskot private barnehagar har rett på
- For å redusere kostnadane til private barnehagar må kommunen redusere eigne kostnadar som påverkar tilskotsnivået

#### **2.1.8 Gjennomsnittsberegne arbeidstid/lage arbeidsplan for tilsette**

- Unngår planlagt overtid for tilsette
- Reduserer kostnadene til overtid
- Inkluderer personalmøter som blir gjennomført på kveldstid i arbeidsplan og kompensere dette i arbeidstid på dagtid

#### **2.1.9 Tilsette logoped for barnehagesektoren**

- Blir arbeida med
- Vil auke kvaliteten
- I større grad sikre eit likeverdig tilbod
- Vil klare å kome tidleg inn med tiltak
- Synergieffektar i oppvekstløpet

#### **2.1.10 Tilsette spesialpedagog i kommunale barnehagar**


- Ei stilling som er i tillegg til grunnbemannning
- Flytte fokus frå spesialpedagogikk til tidleg innsats og førebygging
- Hjelpe barn før dei har bruk for vedtak om spesialpedagogisk hjelp eller tilrettelegging

### 3 Faktorar som påverkar økonomien i barnehagensektoren

Talmaterialet som blir presentert i kapittelet syner korleis økonomien er i barnehagesektoren per i dag og korleis nivået vårt er samanlikna med andre kommunar. Tala er henta frå SSB, Utanningsdirektoratet sitt analysebrett for barnehage og rekneskapstala for 2021.

#### 3.1 Driftsutgifter per innbyggjar i Sunnfjord kommune


Tabellen syner netto driftsutgifter per innbyggjar i kommunegruppe 9 og fleire kommunar i gruppa, og Kinn kommune. I Sunnfjord kommune er kostnad per innbyggjar 9 286 kroner i 2020 og 9 770 kroner i 2021.



Tal henta får SSB

Samanlikna med kommunane i tabellen har Sunnfjord kommune høgst kostnad per innbyggjar. Sunnfjord kommune ligg 1 170 kroner over gjennomsnittet i kommunegruppe 9 i 2020 og 1 493 kroner i 2021.

## 3.2 Dekningsgrad i Sunnfjord kommune



Tal henta får SSB


Sunnfjord kommune har høg dekningsgrad med 96,5 %, av desse går 67,3 % i kommunale barnehagar. Samanlinka med kommunegruppe 9 har Sunnfjord høgare dekningsgrad enn gjennomsnittet. Kinn kommune har om lag same nivå som Sunnfjord kommune i fordelinga mellom barn i kommunale- og private barnehagar. Dei andre kommunane frå kommunegruppe 9 har ei overvekt av barn som går i private barnehagar.

## 3.3 Tal barn per årsverk i Sunnfjord kommune

I lovverket står det at grunnbemanninga skal vere 3 barn under 3 år eller 6 barn over 3 år per årsverk (barnehagelova § 26).

### 3.3.1 Oversikt over tal barn per årsverk i kommunale og private barnehagar i kommunen


#### 3.3.1.1 Kommunale barnehagar



Henta frå Udir sitt analysebrett

Barnehagane varierer frå 2,8 barn per årsverk til 6 barn per årsverk. Gjennomsnittet i kommunale barnehagar er 5,6 barn per årsverk. At det er stor vaksentettheit i dei minste barnehagane skuldast mellom anna at det må vere eit tal årsverk for å ha ei sikker drift og kunne ha same opningstid som dei andre barnehagane i kommunen.


### 3.3.1.2 Private barnehagar



Henta frå Udir sitt analysebrett

Private barnehagane varierer frå 5 barn per årsverk til 6 barn per årsverk. Gjennomsnittet i private barnehagar er 5,6 barn per årsverk.

### 3.3.2 Samanlikna med andre kommunar




Henta frå Udir sitt analysebrett

På kommunenivå har Sunnfjord kommune 5,6 barn per årsverk. Alle kommunane er om lag på same nivå i tabellen. Kinn og Kristiansund driv mest effektivt.

## 3.4 Pedagogettleiken i kommunale og private barnehagar i kommunen

I lovverket står det at det skal ver ein pedagog per 7 barn under 3 år og ein pedagog per 14 barn over 3 år (barnehagelova § 25).


### 3.4.1.1 Kommunale barnehagar



Henta frå Udir sitt analysebrett

To av barnehagane i Sunnfjord kommune har lågare pedagogettleik per barn enn lovkravet, dette gjeld Halbrend og Lunden barnehage. Vevring barnehage held lovkravet med dispensasjon.

### 3.4.1.2 Private barnehagar



Henta frå Udir sitt analysebrett

I følgje tala frå Udir er det 2 barnehagar, Naustdal Idrettsbarnehage og Prestebakken som ikkje følgjer lovkravet. Ut frå talet 12,2 barn per pedagog for Prestebakken barnehage kan det vere ein feil sidan det er under lovkravet. Solvang barnehage held lovkravet med dispensasjon.

## 3.5 Kostnadane til Sunnfjord kommune innanfor barnehagesektoren

Kostnadane til Sunnfjord kommune innanfor barnehagesektoren står i hovudsak av desse punkta

- Drift av kommunale barnehagar
- Tilskot til ordinær drift av private barnehagar
- Kompensasjon for tap av foreldrebetaling i private barnehagar på grunn av søskjenmoderasjon
- Kompensasjon for tap av foreldrebetaling i private barnehagar på grunn av redusert foreldrebetaling og gratis kjernetid
- Styrking av grunnressurs til kommunale og private barnehagar

### 3.5.1 Drift av kommunale barnehagar

Drift av kommunale barnehagar er samansett av fleire tenester, 201 som er ordinær drift, 221 som er barnehagelokale og skyss og teneste 211 som er styrking av grunnressurs. Den siste tenesta blir omtala i eige kapittel sidan dette gjeld både kommunale og private barnehagar.

Teneste 201 kostnadane til ordinær drift er til dømes sett saman av løn, driftsutgifter og inntekter for barnehageplass.

Teneste 221 barnehagelokale og skyss er til dømes sett saman av løn til reinhald og vaktmeister og andre utgifter som er knytt til bygningsmassen. Kostnadane blir ikkje belyst i dokumentet då det er vanskeleg å spore kostnadane ned på einingsnivå.

#### 3.5.1.1 Teneste 201 kostnadane til ordinærdrift

##### Bemanning i barnehagen

Det er heimla i barnehagelova samansettning av bemanning i barnehagen, både styrarressurs, pedagogiske bemanning og grunnbemanninga, bhl §§ 24-26.

For styrarressursen må ein i tillegg sjå på særavtalen for barnehage, skolefritidsordninger, skole og familiebarnehager (SFS 2201). Barnehagelova omtalar ikkje kor stor styrarressursen skal vere, men at barnehagar må ha ei forsvarleg pedagogisk og administrativ leiing. I SFS 2201 er det forhandla fram mellom KS og organisasjonane at barnehagar som har plass til 42 barn eller meir skal ha 1 årsverk til styrarressurs. For store barnehagar bør det opprettast stilling som assisterande styrar. Styrar i mindre barnehagar bør ha 0,35 årsverk til styrarressurs. Ut over SFS 2201 er det ingen retningslinjer på kor stor leiingsressursen bør vere ut frå storleik.

I kommunesamanslåingsprosessen i Sunnfjord kommune blei det avtalt at barnehagar som har 4 avdelingar skal i tillegg til 1 årsverk styrarressurs ha 0,5 årsverk til assisterande styrar.

Ut frå avtalen i SFS 2201 er har det over tid vore ein praksis som vist under:

Storleik på barnehage	Årsverk
1 avdeling	0,35
2 avdelingar	0,70
3 avdelingar	1,00
4 eller fleire avdelingar minimum	1,50

Større barnehagar med 6-8 avdelingar har ofte ein assisterande ressurs mellom 0,5-1,0 årsverk.

Pedagognorma seier at det skal vere 1 pedagog per 7 barn under 3 år og 14 barn over 3 år. Om lag 43 % av dei tilsette i ein barnehagen skal ha pedagogisk utdanning, for å vere pedagogisk leiar må ein vere barnehagelærar. Målet nasjonalt er at i 2025 skal 50 % av dei tilsette i barnehagane ha pedagogisk utdanning.

Norma for grunnbemanning seier at det skal vere ein vaksen per 3 barn under 3 år og 6 barn over 3 år.

I kommunesamslåingsprosessen laga Sunnfjord kommune ein ressursmodell for å sjå kva barnehagane hadde bruk for av leiingsressurs, pedagogressurs og grunnbemanning som utgangspunkt for å sjå kor mykje ressursar den enkelte barnehagen har behov for. I modellen blir pedagogressurs og grunnbemanning rekna ut frå heimlar i lovverket. For leiingsressurs blei det laga ein stige for auke i leiingsressurs ut frå storleiken på barnehagen. Denne er nytta som utgangspunkt i tabellane som syner behov for ressurs i kommunale barnehagar.

Under er tabellen som ligg til grunn i ressursmodellen:


Plassar	Årsverk
1	0,35
18	0,5
36	0,7
54	1
72	1,5
90	1,7
108	2
126	2,3
144	2,5

#### Ressursbehov i kommunale barnehagar

Tala i tabellen er henta frå rekneskaptala for 2021 og ressursmodellen for hausten 2021 for å kunne samanlikne tala. Tala syner skilnaden mellom kor mange ressursar som ligg i rekneskapet og kor mykje ressursar modellen reknar ut at den enkelte barnehage skal ha. Ei feilkjelde i ressursane som ligg i rekneskapet kan vere at nokre av ressursane høyre til tenesta 211, styrking av grunnressursen.

11 av barnehagane har eit avvik mellom ressursbehovet som modellen reknar ut, og ressursar som ligg i rekneskaptala for 2021. Avviket er mindre enn eit årsverk. 7 av barnehagane har eit avvik som er 1 årsverk eller meir.


## BEHOV FOR RESSURSAR I KOMMUNALE BARNEHAGAR 2021



### Løn

Det er sett på lønskostnadene i den enkelte barnehage for å sjå samanlikne kostnadene i sektoren. For å ha eit grunnlag til å samanlikne har ein tatt lønskostnadene i budsjettet 2021 og delt det på plassar barnehagen nyttar. Tal plassar som er nyttta er tala frå barnehageåret 2020/2021 som er grunlaget for budsjettåret 2021. Resultatet er kva lønskostnadar barnehagen har per plass. I grunlaget kan det vere nokre feilkjelder som samansetninga av ansiennitet, samansetning av kompetanse (høgskule, fagarbeidar og assistent).

## Lønsutgifter per plass



Den barnehagen som har lågast lønnskostnad per plass har i overkant av 116 500 kroner per plass. Den som har størst utgifter har ein kostnad i overkant av 450 000 kroner per plass.

Det er natuleg at mindre barnehagar har høgare kostnadar då det vil vere behov for å ha ei høgare bemanning for å gje det same tilbodet som i dei større barnehagane.

### Drift

I tillegg til lønsutgifter ligg det også kostnadar til driftsutgifter, som til dømes materiell, leasingavtalar, utstyr med meir, og inntekter for til dømes barnehageplass.

Per i dag varierer det noko kor mykje midlar kvar barnehage har til driftsutgifter. Større barnehagar vil ha meir midlar til driftskostnadane. Per i dag er det ikkje ein felles faktor som er grunnlaget for kor mykje midlar kvar enkelt barnehagar har. I tabellen er det lagt inn 3 ulike modellar.


- Modell 1 er kva barnehagane har i budsjettet til driftsutgifter i 2021
- Modell 2 er om faktoren er 2 500 kr per plass i barnehagen. For dei minste barnehagane er det lagt inn ein faktor 6 000 kroner per plass
- Modell 3 er om faktoren er 3 500 kroner per plass i barnehagen. For dei minste er det lagt inn ein faktor 7 000 kr per plass

Bakgrunnen for at det er lagt ein høgare faktor er at nokre utgifter er faste utgifter uavhengig av storleiken på barnehagen. Dei barnehagane som har høgare sats er Vevring, Karstad og Viksdalen.

Ved å bruke ei tilnærming som er i modell 2 og 3 kan ein få ei betre harmonisering av barnehagesektoren.


## DRIFTSKOSTNADAR - 3 VARIABLER

■ Faktor 2 500 kr/6 000 kr ■ Faktor 3 500 kr/7 000 kr ■ Drift minus matpengar og husleige



Oversikt over kor mykje midlar den enkelte barnehage får ut frå dei 3 variablane

## DRIFTSKOSTNADAR - 3 VARIABLER



Oversikt over kor mykje midlar den enkelte barnehage får ut frå dei 3 variablane

Variablane	Samla kostnad
Faktor 2 500 kr/6 000 kr	3 000 000
Faktor 3 500 kr/7 000 kr	4 100 000
Driftsutgifter rekneskap 2021 (minus matpengar og husleige)	3 500 000

### 3.5.2 Tilskot til ordinær drift av private barnehagar

Private barnehagar i kommunen har rett på tilskot til ordinær drift, dette står i § 19 i bhl. Kommunen pliktar å gje tilskot og behandle private barnehagar som mottar tilskot likeverdig med kommunale barnehagar. I ny barnehagelov gjeldande frå 01.01.2021 er det kome eit nyt kapittel som omhandlar bruk av offentleg tilskot og foreldrebetaling i private barnehagar. Kapittelet skal sikre at offentlege midlar blir nytta til barna i barnehagen.

Det er utarbeida ei eiga forskrift om tildeling av tilskot til private barnehagar. Den skal sikre at private barnehagar får tildelt eit årleg tilskot til ordinær drift.

Kommunen pliktar og årleg rekne ut tilskot til private barnehagar. Det blir rekna ut ein sats for barn 0-2 år og ein sats for barn 3-6 år. Desse satsane er grunnlaget for kva kvar enkelt privat barnehage får utbetalt i tilskot. Forskrita gir retningslinjer for kva som skal vere med i grunnlaget i tillegg er ulike faktorar som blir vedtatt i statsbudsjettet med på å påverke tilskotssatsane.

#### 3.5.2.1 Grunnlaget

Grunnlaget for tilskotssatsane er 2 år gamle rekneskap i barnehagesektoren med defaltor for 2 år for å kompensere for prisvekst. I tillegg er tal barn for rekneskapsåret ein del av grunnlaget. Tala som blir nytta blir henta frå 2 årsmeldingar som barnehagane årleg rapporterer for å få med vår og haust for rekneskapsåret.

#### 3.5.2.2 Rekneskapstala for tenestene 201 og 221

Alle rekneskapstala innanfor tenestene 201 og 221 er med i grunnlaget for utrekning av tilskot til private barnehagar. Dette gjeld alt som er ført på einingane innanfor barnehage og kommunedirektøren si ramme. Det som kan trekka ut er felles aktivitetar der private barnehagar deltek utan å ha kostnadar. Utgifter som er ført på teneste 211 som omhandlar barn som har bruk for tilrettelagt barnehagetilbod er ikkje med i grunnlaget for tilskot til private barnehagar. Bakgrunnen for dette er at private barnehagar og har midlar til barn som har eit tilrettelagt tilbod.

#### 3.5.2.3 Pensjonspåslag på drift

I 2016 kom det endringar i utrekning av pensjonskostnadane. Bakgrunnen for dette er at det er stor skilnad mellom pensjonskostnadane i kommunale barnehagar og private barnehagar. For å jamne ut skilnaden mellom kommunal og privat barnehage blei det bestemt at kommunane skulle rekne ut eit pensjonspåslag på 13 % av samla kostnad i communal sektor. For private barnehagar som har vesentleg høgare pensjonskostnadane har dei mogelegheit til å søke om kompensasjon for å dekke eigne pensjonskostnadane.

Pensjonspåslaget har vore ein stor diskusjon dei siste åra innanfor barnehagesektoren. Nasjonalt ønskjer ein å redusere pensjonspåslaget for at det skal vere større likebehandling mellom kostnadane kommunale barnehagar har og private barnehagar. I 2022 blei pensjonstilskotet for private konsernbarnehagar redusert frå 13 % til 10 %. For private enkeltståande barnehagar vil reduksjon i pensjonspåslag trappast ned over tid. I 2022 er pensjonspåslaget 12 %, i 2023 11 % og i 2024 10 %. Frå 2024 skal private konsernbarnehagar og enkeltståande barnehagar vere på same nivå.

Bakgrunnen for at det er ei nedtrapping for enkeltståande barnehagar er at dei skal klare å tilpasse seg ny ordning over tid.

I Sunnfjord har det vore få søknadar om kompensasjon for vesentleg høgare pensjonskostnadar.

#### 3.5.2.4 Administrasjonspåslag

Kommunen skal gi påslag for administrasjonsutgifter på 4,3 % av gjennomsnittet av brutto driftsutgifter i kommunale ordinære barnehagar, familiebarnehagar og opne barnehagar. Prosentsatsen har vore stabil i fleire år. Administrasjonspåslaget omfattar sektorutavhengige utgifter knytt til mellom anna rekneskap og revisjon, personalfunksjon, IKT-tjenester, HMS og bedriftshelsetenester.

#### 3.5.2.5 Kapitaltilskot

Kapitaltilskot er avskrivingskostnadar basert på annskaffingskost (fråtrekk av innvesteringstilskot og MVA-kompensasjon) og rentekostnadar berekna ut frå bokført verdi på anleggsmidlar på barnehageområdet tillagt tomtkostnad (fråtrekk av investeringstilskot og MVA-kompensasjon).

I 2016 kom ei endring i satsane for kapitaltilskot. Det blei utarbeidd ein tabell som tar utgangspunkt i byggeåret til den private barnehagen. Til nyare barnehagen er, til større kapitaltilskot får barnehagen. Tilskotet blir rekna ut frå tal heiltidsplassar barnehagen nyttar.

*Slik er satsane for 2022:*

Godkjenningssår	Kroner per heiltidsplass
2013 eller tidlegare	9 400
2014-2016	17 100
2017-2019	18 900
2020-2021	20 900

#### 3.5.2.6 Oversikt over samla kostnadar kommunen har til tilskot til ordinær drift i private barnehagar

År	Sum
2020	72 791 200
2021	77 917 662

Det som påverkar kostnadsnivået til private barnehagar er i hovudsak eiga drift i kommunal sektor på teneste 20100 og 22100. I tillegg kjem kompensasjonsordningar som søskenmoderasjon og redusert foreldrebetaling som er omtala i kapitla under.

### 3.5.3 Kompensasjon for foreldrebetaling i private barnehagar på grunn av søskenmoderasjon

#### 3.5.3.1 Søskenmoderasjonsordninga

Ordninga om søskenmoderasjon er nedfelt i eiga forskrift; [Forskrift om foreldrebetaling i barnehagar](#). For barn nummer 2 er det 30 % moderasjon og for barn 3, 4 også vidare er det 50 % moderasjon. Private barnehagar har rett på å få kompensert heile tapet dei har for moderasjonsordninga.

**Kostnadsnivå**

År	Sum
2020	825 112
2021	824 083

**3.5.4 Kompensasjon for tap av foreldrebetaling i private barnehagar på grunn av redusert foreldrebetaling og gratis kjernetid****3.5.4.1 Kompensasjonsordninga**

Redusert foreldrebetaling var ei ordning som kom i 2015. Dette er ei nasjonal ordning som kom som sosial utjamning for familiær med låg inntekt. Det er to moderasjonsordningar for familiær eller hushaldningar med låg inntekt; ingen familie eller husstand skal betale meir enn 6 % av samla inntekt i hushaldninga og gratis kjernetid. Inntektsgrensa for gratis kjernetid i 2022 er 583 650 kroner. Private barnehagar har rett på å få kompensert heile tapet for denne moderasjonsordninga.

**Kostnadsnivå**

År	Sum
2020	510 439
2021	714 817

### 3.5.5 Styrking av kommunale og private barnehagar


Det er nedfelt i barnehagelova at barn med spesielle behov har rett til å få spesialpedagogisk hjelp etter § 31 og tilrettelegging etter § 37.

#### 3.5.5.1 Kostnadar i kommunal sektor 2021



I 2021 blei det nytta 29,35 årsverk fordelt på pedagogar, fagarbeidalar og assisterantar på teneste 211 styrking av grunnressurs. Samla blir det nytta i underkant av 16,7 millionar kroner.

#### 3.5.5.2 Oversikt over samla kostnadar både til kommunale og private barnehagar



**3.5.5.3 To modellar for å sjå på korleis midlane kan nyttast på ein annan måte i kommunal sektor**  
Bruke nokre av midlane som i dag går til styrking av grunnressursen.

**Målet og intensjonen:**

- Ein ansvarleg på feltet i kvar barnehage
- Ansvar for sakene i barnehage – samarbeid med leiinga
- Medlem i ressursteam som skal etablerast, jf. handbok
- Blir ein overgangsfase der det blir stor vekt på individnivå
- Målet er at barnehagane skal ha meir fokus på systemnivå – bygge kompetanse og redusere tal barn som har bruk for vedtak
- Meir fokus på tidleg innsats og førebygging


Under er to modellar for korleis ein kan styrke tidleg innsats med å tilsette spesialpedagog i barnehagane, i tillegg til grunnbemanning.

I talmaterialet har ein lagt til grunn at årsløna inkludert sosiale utgifter for spesialpedagog er 700 000 kroner.

**Modell 1**

I denne modellen er det definert:

- 4 avdelingar eller meir 1 årsverk
- 3 avdelingar får 0,6 årsverk
- 1-2 avdelingar får 0,5 årsverk
- Mindre enn 1 avdeling 0 årsverk




**Samla kostnadar i modell 1:**

Tal avdelingar	Tal barnehagar	Samla årsverk	Kostnad
4 eller fleire	11	11,0	7 700 000
3	4	2,4	1 680 000
1-2	2	1,0	700 000
Mindre enn 1	2	0,0	0
<b>Samla</b>	<b>19</b>	<b>14,4</b>	<b>10 080 000</b>

## Modell 2

I denne modellen er det definert:

- 5 avdelingar eller meir 1 årsverk
- 4 avdelingar får 0,8 årsverk
- 3 avdelingar får 0,6 årsverk
- 1-2 avdelingar får 0,4 årsverk
- Mindre enn 1 avdeling 0 årsverk



Samla kostnadar i modell 5:

Tal avdelingar	Tal barnehagar	Samla årsverk	Kostnad
5 eller fleire	4	4,0	2 800 000
4	7	5,6	3 920 000
3	4	2,4	1 680 000
1-2	2	0,8	560 000
Mindre enn 1	2	0,0	0
<b>Samla</b>	<b>19</b>	<b>12,8</b>	<b>8 960 000</b>

## 4 Innsparringspotensialet til dei ulike tiltaka

Under er skissert eit mogeleg innsparringspotensialet for kvart av tiltaka. Tala er i stor grad basert på kjente tal for budsjettprosessen 2023 og utrekning av tilskotssatsar for 2023. Det kan vere framtidige ytre faktorar som kan påverke kor stort innsparringspotensialet blir.

### 4.1 Tiltak 1 Legge ned Karstad barnehage

Til grunn for innsparringspotensialet ligg talmaterialet frå framlegg til budsjett i 2023.

Kva	Innsparing
Innsparing frå 01.08.2023	742 747
Innsparing i 2024 (heilårseffekt)	1 782 592

Ein føresetnad for å oppnå innsparringspotensialet er at tilsette får tilbod om arbeid i andre barnehagar der det er ledige stillingar, og det ikkje utløser overtallige.

Dersom Karstad barnehage blir lagt ned vil bygget stå tomt. Det er potensiale til å selje bygget.

## 4.2 Tiltak 2 Legge ned Vevring barnehage

Til grunn for innsparingspotensialet ligg talmaterialet frå framlegg til budsjett i 2023.

Kva	Innsparing
Innsparing frå 01.08.2023	497 233
Innsparing i 2024 (heilårseffekt)	1 193 360

Ein føresetnad for å oppnå innsparingspotensialet er at tilsette får tilbod om arbeid i andre barnehagar der det er ledige stillingar, og det ikkje utløyser overtallighet.

For å ha eit tilfredsstillande SFO-tilbod ved Vevring skule er det behov for å auke ressursen med 38,3 %. Dette har ein kostnad på 200 000 kroner.

## 4.3 Potensielle synergiar av tiltak 1 og 2: Tilskot til private barnehagar

Å legge ned eigne barnehagar kan ha synergiar i samla kostnad for tilskot til private barnehagar. I talmaterialet for potensiell innsparing er det tilskotssatsane for 2023 som ligg til grunn. Det er fleire ytre faktorar som påverkar tilskotet til private barnehagar og det er derfor usikkert om potensialet er så stort.

Synergiane vil først kome i 2025 og 2026. Bakgrunnen er at tilskot til private barnehagar tek utgangspunkt i 2 år gamle rekneskap. Kostnadane kommunen har hatt i Karstad- og Vevring barnehage fram til 2024 vil vere ein del av grunnlaget.

Kva	Innsparing
Innsparing i 2025	746 488
Innsparing i 2026 (heilårseffekt)	1 791 571

For å oppnå innsparinga som er skissert i tabellen ovanfor er det nokre førestenadar som ligg til grunn:

- Kostnadsnivået i kommunale barnehagar ligg på same nivå som rekneskapsåret 2021
- Retningslinjene gjennom barnehagelova og forskrift om tildeling av tilskudd til private barnehager ikkje endrar seg vesentleg frå retningslinjene i dag
- Forholdet mellom barn som går i kommunale barnehagar og private barnehagar er på same nivå som i 2023

## 4.4 Tiltak 3 Bygge ny 6-avdelings barnehage i Slätten skulekrins for å erstatte minimum 2 barnehagar med stort rehabiliteringsbehov

Å bygge større barnehage vil gje ei meir effektiv drift og auke det faglege miljøet.

Innsparingspotensialet er knytt opp til desse punkta:

- Redusere leiarressurs
- Redusere vikarbruk
- Rehabilitering og vedlikehald av eldre barnehagar inkludert oppvarming

Det samla innsparingspotensialet er på 2-2,5 millionar kroner. I tillegg til innsparingspotensialet kjem sal av bygg.

Effekten av å bygge 6 avdelingsbarnehage:

- Meir effektiv drift
- Større fagleg miljø
- Tilfredsstiller dagens krav til barnehage
- Kan redusere leiarressurs
- Redusere vikarbruk
- Større fleksibel bruk av ressursane i barnehagen
- Rehabilitering og vedlikehald av eldre barnehagar inkl. oppvarming

Dersom 2 eksisterande barnehagar blir lagt ned kan ein selje bygga.

#### **4.5 Tiltak 4 Etablere oppveksttun**

Å samle barnehage, skule og SFO i eit oppveksttun kan gje ei meir effektiv drift. Det gir eit større fagleg miljø, tettare samarbeid og ein god overgang mellom barnehage og skule og SFO.

Etablering av oppveksttun vil vere aktuelt på Holsen og i Viksdalen. På Holsen må ein vudere om det er mogeleg å samle heile barnehagen i eksisterande skulebygg og fjerne brakka som blir nytta til ei avdeling i barnehagen. Bygget Viksdalen barnehage er i blir tomt dersom barnehagen flyttar og det er potensiale til å selje bygget.

Tiltak ein må sjå på ved etablering av oppveksttun er:

#### **4.6 Tiltak 5 Bygge ny 6-avdelings barnehage i Førde sentrum – Øyrane for å erstatte barnehagar med stort rehabiliteringsbehov**

Å bygge større barnehage vil gje ei meir effektiv drift og auke det faglege miljøet.

Innsparingspotensialet er knytt opp til desse punkta:

- Redusere leiarressurs
- Redusere vikarbruk
- Rehabilitering og vedlikehald av eldre barnehagar inkludert oppvarming

Det samla innsparingspotensialet er på 2-2,5 millionar kroner. I tillegg til innsparingspotensialet kjem sal av bygg.

Effekten av å bygge 6 avdelingsbarnehage:

- Meir effektiv drift
- Større fagleg miljø
- Tilfredsstiller dagens krav til barnehage
- Kan redusere leiarressurs
- Redusere vikarbruk
- Større fleksibel bruk av ressursane i barnehagen
- Rehabilitering og vedlikehald av eldre barnehagar inkl. oppvarming

Dersom 2 eksisterande barnehagar blir lagt ned kan ein selje bygga.